



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

14.12.2023

Vår ref:

2023/15707

Dykkar dato:

17.10.2023

Dykkar ref:

202209503

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til melding om opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk i Bremanger kommune

Statsforvaltaren meiner at naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden bør kartleggjast, og at landskapsopplevinga av elva sett frå fjorden òg bør vurderast nærare.

Vi viser til oversendinga 17.10.2023 av melding om konsesjonspliktavurdering for opprusting/utviding av Øksenelvane kraftverk, og til e-post 20.11.2023 med endra melding som inneber to aggregat i staden for eitt, og at slukeevna er ytterlegare auka.

Bakgrunn

Det er planlagt å erstatte eksisterande kraftverk med ny kraftstasjon, og vassveg parallelt med eksisterande anlegg. Kapasiteten skal utvidast frå dagens 28 MW installert effekt og 8,8 m³/s slukeevne, til 110 MW installert effekt og 32 m³/s slukeevne (hovudalternativ) / 55 MW installert effekt og 16 m³/s slukeevne (reduisert alternativ). Estimert årleg energiutbytte vil auke frå dagens 153 GWh til 173 GWh. I 2013 vedtok NVE at eit nytt Øksenelvane kraftverk på 75 MW og med 23 m³/s slukeevne ikkje var konsesjonspliktig, men dette prosjektet blei ikkje realisert.

Nye synlege permanente inngrep vil innebere nytt lukehus ved Store Øksendalsvatnet, portalområde ved fjorden og eventuelle deponi. Vassvegen vil gå i fjell, og ned til ny kraftstasjon ved fjorden. Tunneldrifta vil gi om lag 220 000 m³ lausmasse. Overskotsmassane er primært tenkt nytta til eit friområde i Lunden, og til å opparbeide plass i framkant av tilkomsttunnelen. Massar som ikkje skal nyttast til samfunnsnyttige føremål i nærområdet, skal deponerast i fjorden like ved tunnelen.

Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring i Vesleelva nedstraums magasinet, og det er heller ikkje krav om det i gjeldande konsesjon. Vassføringa i elva nedstraums inntaksdammen er svært redusert av eksisterande regulering, og auka slukeevne vil redusere tal dagar med overløp ytterlegare. Det er ikkje planlagt nye overføringar eller endra reguleringsgrenser i magasinet.

I den nasjonale prioriteringa av vassdragskonsesjonar som kan reviderast er rev.ID Øksendalselv gitt prioritet 1.2. - lågare prioritet (vassdrag med middels potensial for forbedring av viktige miljøverdiar, og med antatt større krafttap (samanlikna med vassdrag i høgste prioriteringskategori) i høve til forventa miljøgevinst).

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Våre merknader

Statsforvaltaren er generelt positiv til opprustings- og utvidingsprosjekt som kan auke energiproduksjonen i allereie utbygde vassdrag, då dette ofte kan dette gi god energigevinst og akseptable nye inngrep. I ei konsesjonspliktvrdering av nytt Øksnelvane kraftverk, er det eventuelle ulemper for allmenne interesser som skal vurderast.

Vi spelte inn i høyringa av den nasjonale lista for vassdragskonsesjonar som kan reviderast at Øksendals-reguleringa har råka både landskapsverdiar, friluftsliv, og biologisk mangfald i mellom anna fossesprøytsoner. Eksisterande regulering utan krav om minstevassføring, tilseier at elva nedstraums dammen går med låg/marginal vassføring store delar av året i dag. Ut frå tilsigskurvane til magasinet ser det likevel ut til å vere overløp i periodar. Det nye kraftverket vil innebere ei monaleg auke i slukeevne, òg for det reduserte alternativet. Tabell 1.3.2 i meldinga viser at overløp vil bli så å seie ikkje-eksisterande etter ei opprusting/utviding, uavhengig av om det er eit tørt, middels eller vått år.

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe. Elva og kantvegetasjonsbeltet på strekninga frå magasinet til fjorden kan framleis ha verdi for vasstilknytte artar og som hekkelokalitet for fuglar, sjølv om potensialet er påverka av eksisterande regulering.

Øksnelva ligg i eit av dei mest nedbørrike områda av landet, elveløpet er nordvendt med stort fall, og som nemnt er det overløp i periodar av året i dag. Dette tilseier at fossesprøytsoner på strekninga kan ha restverdiar som bør undersøkast nærare for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag i saka. Det er til dømes gjort fleire funn av ekstremt oseaniske og fuktkevjande mosar, som den raudlista praktdraugmosen og norske ansvarsartar som vingemose, heimose, prakttvebladmose m.fl. i dei lettast tilgjengelege delane av området. Potensialet for funn i område som framleis har noko ekstra fuktpåverknad frå attverande vassføring er derfor heilt klårt til stades.

Vi saknar ei nærare omtale og fotodokumentasjon av korleis elva kan opplevast ved ulike vassføringar, og kor vanleg det er at elva har vassføring som er synleg på avstand ved gjeldande regulering. Ut frå meldinga er det vanskeleg å vurdere om og i kva grad opprustinga/utvidinga vil påverke elva som landskapselement.

Inntaksmagasinet ligg i eit regionalt viktig friluftsområde, og er synleg frå fjellet Gjegnen. Toppen er eit populært turmål, og ein av innfallsportane går forbi dammen. Nytt lukehus kjem i tilknytning til magasinet, og altså i eit område som er prega av eksisterande vasskraftutbygging. Anlegga ved fjorden kjem òg i tilknytning til eksisterande inngrep.

Vi legg generelt til grunn at alle nye inngrep blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg.

Vi minner om § 7 i forureiningslova om å unngå forureining. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handterte i tråd med regelverket slik det går fram av [Miljødirektoratets rettleiar M-1243](#). Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og at det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering, som siste utveg. Vi minner òg om at eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Det er summarisk nemnt korleis massane er tenkt brukt, og dette må planleggjast i tråd med dei nemnde føringane. Eventuell dumping i fjorden vil utløyse krav om kartlegging av konsekvensar for marint naturmiljø, og det må søkjast Statsforvaltaren om løyve etter forureiningslova. Tiltakshavar



har vore i kontakt med Statsforvaltaren om dette, og etter orienteringa vi fekk var fem ulike deponiområde i fjorden aktuelle, i tillegg til det som er skissert i detaljkartet i meldinga.

Vi har ikkje kunnskap om eventuelle lokale interesser som kan verte råka av tiltaket, og dette må sjekkast ut med Bremanger kommune.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Dersom NVE konkluderer med at tiltaket ikkje utløyer konsesjonsplikt, føreset vi at dagens konsesjonsvilkår blir gjort gjeldande for det nye anlegget.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bremanger kommune
Vestland fylkeskommune
Miljødirektoratet

Postboks 104
Postboks 7900
Postboks 5672 Torgarden

6721	SVELGEN
5020	BERGEN
7485	TRONDHEIM